



VANYLVEN KOMMUNE

Servicetorget

MOTTATT
15 OKT 2010
ARBEIDSDEPARTEMENTET

Arbeidsdepartementet
Postboks 8019 Dep.

0030 OSLO

Saksnr	Løpenr/Arkiv	Dykkar ref.	Avd/Saksansvarleg	Dato
2010/167	4969/2010 / F12		SER / KVAKAR	13.10.2010

MELDING OM VEDTAK

Høyring: NOU 2010:5: "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering".

Formannskapet handsama i møte den 12.10.10 – sak 171/2010. Følgjande vedtak vart fatta etter tilråding råd for funksjonshemma:

Vanylven kommune meiner at NOU 2010:5 "Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering" sitt forslag om å overføre dagens statlege ansvar til kommunane må avvistast.

Kommunen meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge til folketrygdlova med eit statleg finansieringsansvar. Dette vil sikre funksjonshemma tilgang til hjelpemiddel på alle livsområde, med moglegheit til å leve eit sjølvstendig liv. Dei økonomiske utfordringar kommunane står overfor gir lite rom for nye omfattande oppgåver på dette området. Retten til hjelpemiddel til må vere uavhengig av geografisk bustad og kommuneøkonomi. Staten bør i staden forbetre hjelpemiddelformidlinga ved at ein bidreg til å styrke ergoterapi- og rehabiliteringstilbodet i kommunane samt å styrke vaktmeistertenesta for reperasjon av hjelpemiddel.

Dersom dagens ordning ikkje vert vidareført, må rettane til brukarane sikrast. Ein tenkjer her særleg på store kostnadskrevjande hjelpemiddel. Ein måte å sikre dette på kan vere ei ordning tilsvarande dagens ordning for ressurskrevjande brukarar, der Staten dekkjer utgifter over ein viss sum.

Kommunen støttar forslaget om at aldersgrensa på 26 år for aktivitetshjelpemiddel og utstyr til trening, stimulering og leik vert oppheva.

Rett utskrift:

Vanylven kommune

Kåre Kvangarsnes

Konsulent